



DEN NORSKE KYRKJA

## Ny informasjonsfilm om kyrkjeleg organisering er klar



Kjære alle saman,

Kyrkerådet var samla til møte i slutten av førre veke. Mange store og viktige sakar vart handsama. Ei sak som fleire i kyrkja ventar på er høyring av rapporten om ny kyrkjeleg organisering. Kyrkerådet har ikkje tatt stilling til dei ulike modellane, og ynskjer å høyre mange meiningar. Ein ny informasjonsfilm om rapporten er nå klar, og [kan sjåast her](#).

Ei så stor og viktig sak med historie gjennom mange år treng ein så god prosess som mogeleg. Debatten om høyringsdokument engasjerte heile rådet. Kyrkerådet hadde fleire innspel til korleis høyringsdokumenta skal bli utforma. Difor skal Kyrkerådet ha nytt møte 15. juni for å slutthandsame framlegget til høyring.

Planen er å sende saka på høyring til kyrkjelege verksemdar og mellom anna kommunar og departement. Høyringssvara vil vere ein viktig del av grunnlaget for avgjerda Kyrkjemøtet skal ta.

Du finn meir informasjon om kyrkjeleg organisering på nettstaden [kirken.no/kirkeligorganisering](http://kirken.no/kirkeligorganisering). Der kan du òg sjå den nye informasjonsfilmen.

Med venleg helsing  
Kristin Gunleiksrud Raaum  
Kyrkerådsleiar

[Sjå informasjonsfilmen her](#)



## Håpets katedral opnar på verdas miljødag

Laurdag 5. juni klokka 14 innvier H.K.H kronprinsesse Mette-Marit, statsråd Nikolai Astrup, WWFs generalsekretær Karoline Andaur og biskop Atle Sommerfeldt Håpets katedral på Isegran i Fredrikstad. Her finn du ressursar og lenke til sendinga.

[Les meir her](#)



## Smittevernrettleiar for Den norske kyrkja er oppdatert

Det er fleire lettar i smittevernreglane. Styresmaktene har opna for kryssing av kommunegrenser i samband med arrangement, og ein er ikkje lenger rådd ifrå innanlandsreiser. Det er lov med fleire til stades på arrangement, og tilrådinga om 2 meter avstand ved innendørs allsang gjeld no kun i kommunar med høg smittetrykk. Rettleiaren er også oppdatert med nye råd om leir.

[Last ned oppdatert rettleiar her](#)



## Samtale om dåp - nye ressursar

Stavanger bispedømmeråd har utvikla eit nytt opplegg for samtalar og samlingar om dåp. Det nye materialet tek føre seg ti sentrale symbol knytt til dåp. Målet er å skape rom for dialog med dei føresette. Målgruppa for dette opplegget er prestar, kateketar og andre som har ansvar for eller deltek i dette arbeidet. Ressursane ligg i ressursbanken.

[Les meir](#)



## No kan du melde deg på gratis kurs i personvern

Det er utvikla fire kurs om personvern og informasjonstryggleik. Du kan ta kurset i ditt eige tempo, og det er heilt gratis. Fyrst må du registrere deg på lenka under. [Les meir om kursa her.](#)

[Meld deg på her](#)



## 280 fellesråd har signert tilslutningsavtale

Tilslutningsavtalene handlar om felles arbeid med informasjonstryggleik og personvern. Alle kyrkjeverjer skal ha motteke informasjon og tilbod om å signere. Dei som ikkje har signert innan fristen, blir kontakta før eit nytt tilbod blir sendt ut.

[Les meir](#)

## Webinar og frukostmøte



**Frukostmøte: Kristne fosterheimar - ressurs eller utfordring? Med statsråd Ropstad, preses Fykse Tveit og fostermor Mette Lilleng**

02. juni kl 08.30-09.30: [Her finn du frukostmøtet](#)

**Kommunikasjon om dåp**

03. juni kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

**Sorg, handling og håp - når skaperverket trues**

10. juni kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på [ressursbanken.no/webinar](https://ressursbanken.no/webinar)

---

## Fekk du med deg desse sakene?



### Ti år sidan 22. juli

Kyrkerådet og Bispemøtet oppmoder kyrkjelydane til å delta i markeringa.

[Her finn du ressursar](#)



### Ny rettleiar for open kyrkje

No er ein ny rettleiar om open kyrkje tilgjengeleg for lokalkyrkja.

[Les meir her](#)



### "Saman som kyrkje i heile verda" er i gong

164 kyrkjelydar deltek på aksjonen som går frå Kristi Himmelfartsdag til St. Hans.

[Les meir her](#)

---

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet](#).



DEN NORSKE KYRKJA

---

[krpostmottak@kyrkja.no](mailto:krpostmottak@kyrkja.no)

Den norske kyrkja - Rådhusgata 1-3, 0151 Oslo, Norge

[Meld deg av](#)

[Levert av Make](#)